



Vår referanse

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Andreas Chr. Nørve

Dato  
27.03.2024

## **Førespurnad om tilbod på innkjøpsfagleg bistand**

### **Om konkurransen**

Konkurransen gjennomførast i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR-2016-08-12-974 del I, samt dei føresegn som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget.

Det planleggast i utgangspunktet ikkje å gjennomføre forhandling for dette innkjøpet, men avklaring/forhandling vil gjerast i den grad det er nødvendig for å få eit godt resultat og samanliknbare tilbod. Denne førespurnaden sendast til et utval leverandørar i marknaden. Innkjøpet skal regulerast av vedlagte avtalevilkår.

Dersom leverandør finn at tilbodsførespurnaden ikkje gir tilstrekkeleg vegleiing, kan ein skriftleg be om tilleggsopplysningar frå oppdragsgivar ved oppdragsgivars kontaktperson.

### **Krav til leverandøren**

Oppdragsgivar stiller krav til kvalifikasjonane til leverandøren. Kvalifikasjonskrav er minimumskrav til leverandør. Kvalifikasjonane vil bli vurdert ut frå innlevert dokumentasjon, med mindre anna er spesifisert i kravet.

### **Kravspesifikasjon**

Vanylven kommune (oppdragsgivar) ønskjer å inngå avtale om innkjøpsfagleg bistand. Oppdragsgivar ønskjer tilbod på innkjøpsfagleg bistand til å utføre innkjøpsprosessar i samsvar med regelverket om offentlege innkjøp. Avtalen er meint som supplement til innkjøpsprosessar oppdragsgivar gjennomfører i eigen regi.

Oppdragsgivar har behov for å inngå rammeavtale med leverandør som kan tilby planlegging av konkurransar; behovsanalysar; gjennomføring av konkurransar; innkjøpsfagleg rådgiving og liknande. Oppdraga varierer i storleik og omfang, men rådgivar hos leverandør må rekne med å ta det fulle innkjøpsfaglege ansvaret for eit oppdrag i samarbeid med oppdragsgivars interne avdeling/behovseigar. Det er derfor viktig for oppdragsgivar å inngå rammeavtale med ein leverandør som har høg fagleg kompetanse og i stor grad kan gjennomføre innkjøpa sjølvstendig utan bistand frå dei tilsette hos oppdragsgivar. Leverandør må også kunne behandle eventuelle klager som kjem på dei innkjøpa dei sjølv har gjennomført.

Kommunen ønskjer også å inngå avtale om innkjøpsfagleg opplæring av folkevalde og leiarar i kommunen, og dette vil vere som heile eller halve dagar – og skal gjennomførast på rådhuset, kommunal eining og/eller kommunestyresalen. Når det gjeld innkjøpsfagleg opplæring, så skal dette gjennomførast i Vanylven kommune og vil vanlegvis vere i tidsrommet kl 09:00 - 15:00.



Det forventa omfanget av innkjøpsfagleg bistand og opplæring over 2 år er estimerte til å vere mellom kr 500 000 og kr 1 000 000 eks.mva. Anskaffinga sitt maksimale omfang er sett til kr 1 250 000 eks.mva.

Oppdragsgjevar forbehold seg retten til å gå utanom avtalen på innkjøpsfagleg bistand som skildra anskaffingsforskrifta § 2-4 første ledd bokstav d.

### Kvalifikasjonskrav

Det kan ikkje takast atterhald mot kvalifikasjonskrav.

<u>Kvalifikasjonskrav</u>	<u>Dokumentasjonskrav</u>
Leverandør må ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgivaravgift og meirverdiavgift i samsvar med lov.	Attest for skatt og meirverdiavgift (ikkje eldre enn 6 månadar rekna frå tilbodsfrist). Eventuelle restansar eller andre mislegheitar må grunngjevast.
<u>Databehandlaravtale</u> Det skal inngåast databehandlaravtale mellom leverandør (databehandlar) og oppdragsgivar (behandlingsansvarleg).	

### Tildelingskriterium

Krav som ligg til grunn for val av leverandør

Kriteria	Dokumenterast ved	Respons frå leverandør
Pris	Pristilbod frå leverandør på innkjøpsfagleg bistand og opplæring <ul style="list-style-type: none"><li>• Timepris rådgjevar eks.mva.</li></ul>	



Kvalitet	<p>Med kvalitet meiner ein her korleis leverandøren vil løyse oppdraget, responstid, kompetansen til medarbeidarane, erfaring og tilgjengelegheit.</p> <p>Leverandør skal leggje til rette for elektronisk anbod (elektronisk innkjøpssystem). Oppdragsgivar dekker sine kostnadar og leverandør dekker sine kostnadar for anskaffing og bruk av slikt elektronisk innkjøpssystem.</p> <p>Leverandøren skal beskrive responstid, og vi ber om at følgjande beskrivast:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kor raskt oppdragsgivar kan få ei vurdering av et problemkompleks i undersøkingsfasen – skal oppgiast i timar eller dagar.</li><li>• Kor raskt vil leverandøren vil starte på oppdraget for oppdragsgivar – skal oppgiast i dagar (maks er fem dagar).</li><li>• Leverandøren skal angi normalt tidsbruk for utarbeidinga av anbod for utlysing i høve til dei ulike delane anskaffelsesforskriften.</li><li>• Kor raskt oppdragsgivar kan komme i kontakt med aktuell ressursperson i pågåande saker – skal oppgivast i timar.</li></ul> <p>Dokumentasjon på kompetanse som vil vere tilgjengeleg for oppdragsgivar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Liste over aktuelle sakstypar leverandør har kompetanse innanfor.</li><li>• Relevant erfaring i liknande oppdrag siste 5 år.</li><li>• Tal oppdrag som er utført i samsvar med anskaffelsesforskriften.</li></ul>	
	Vanylven kommune <u>ønskjer</u> at nynorsk som målform vert nytta.	

## Val av tilbod

Val av leverandør vil bli gjort etter ei vurdering av pris og kvalitet, der kvalitet vil bli tillagt mest vekt.

Ved evaluering av tilboda, vil det innanfor tildelingskriterium kvalitet bli gitt poeng på en skala frå 0-10. Beste tilbod innanfor eit kriterium vil bli gitt 10 poeng, medan det blir gitt poeng somgjenspeilar forskjellane i tilboda nedover for øvrige tilbod.

For tildelingskriterium pris vil beste tilbod tildelast 10 poeng. Pris tilsvarande 1,5 gongar bestetilbod blir gitt 1 poeng. Poeng vil bli gradert i samsvar med denne skala. Det blir ikkje gitt negative poeng.

## Innlevering av tilbod, format og innhald

Minimumskrava må bekreftast. Om det er behov for dokumentasjon eller beskriving, er dette angitt i tabellen.

Evalueringskrava svarast ut punktvis iht oppsett i tabell «evalueringskrav».Tilbudet skal være gyldig i minimum 30 dagar etter tilbodsfrist – tilbodsfristen er 24. april 2024.

Tilbod sendast [postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no) innan tilbodsfrist

Med helsing

Andreas Chr. Nørve  
kommunedirektør

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg  
240122 Eigenerklæring  
240122 Standard kontraktsvilkår  
240122 Databehandlaravtale